

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Førde rådhus, møterom 438 Anga
Dato: 06.12.2016
Tid: Kl. 08:30-13:00

Faste representantar som møtte:

Bjarte Urnes
Kari Daltveit
Terje Engvik

Forfall faste representantar:

Britt Dalsbotten
Siw Landro

Fylgjande vararep. møtte:

Magne Dvergsdal

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
41/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
42/16	Skriv og meldingar
43/16	Førde barnevern - forvaltningspraksis
44/16	Rådmannen informerer om oppfølging av rutinar for eigenkontroll i Førde kommune
45/16	Forvaltningsrevisjon: Tilpassa opplæring/spesialundervisning - prosjektplan
46/16	Møteplan 2017 for Førde kontrollutval
47/16	Oppfølgingsliste 7-2016
48/16	Eventuelt

Andre som møtte:

SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme
KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim (sakene 43-45/16) og Kari Sygna (sakene 43-44/16)
Rådmann Ole John Østenstad, einingsleiar for barnevern Ove Mjåtveit, kommunalsjef Kurt Even Andersen i sak 43/16. Controller Steffen Ben Jonstad i sak 44/16.

Underskrifter:

M. Dvergsdal

Bjarte Urnes

Terje Engvik

Kari Daltveit

41/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 41/16 VEDTAK:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

42/16: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 42/16 VEDTAK:
Skriv og meldingar vert teke til vitande.

43/16: Førde barnevern - forvaltningspraksis

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:
Rådmann Ole John Østenstad, einingsleiar for barnevern Ove Mjåtveit og kommunalsjef Kurt Even Andersen møtte og informerte om den aktuelle saka, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunen sine representantar til vitande, og merkar seg at barnevernet vil utvikle rutinane vidare med vekt på skrivning av referat, arbeid med styrking av god dialog med foreldra, og vidare arbeid med utvikling av tenleg samværspraksis.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FØR- 43/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunen sine representantar til vitande, og merkar seg at barnevernet vil utvikle rutinane vidare med vekt på skrivning av referat, arbeid med styrking av god dialog med foreldra, og vidare arbeid med utvikling av tenleg samværspraksis.

44/16: Rådmannen informerer om oppfølging av rutinar for eigenkontroll i Førde kommune

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rådmannen til vitande.

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:

Rådmannen v/controller Steffen Ben Jonstad møtte og gjekk gjennom Rettesnora - rådmannens eigenkontrollsystem, og aktivitetar i 2016. Siste del i eigenkontrollen, Modul for Risiko-vurdering vert innført våren 2017.

Nytt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rådmannen til vitande, og ynskjer ny gjennomgang av eigenkontrollsystemet i slutten av 2017.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

FØR- 44/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rådmannen til vitande, og ynskjer ny gjennomgang av eigenkontrollsystemet i slutten av 2017.

45/16: Forvaltningsrevisjon: Tilpassa opplæring/spesialundervisning - prosjektplan

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan datert 22.11.2016 frå KRYSS Revisjon for forvaltningsrevisjonsprosjektet– Tilpassa opplæring/spesialundervisning, vert godkjent.

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:

KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim møtte og gjekk gjennom prosjektplanen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 45/16 VEDTAK:

Prosjektplan datert 22.11.2016 frå KRYSS Revisjon for forvaltningsrevisjonsprosjektet– Tilpassa opplæring/spesialundervisning, vert godkjent.

46/16: Møteplan 2017 for Førde kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2017 for Førde kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar, og møtestart

kl. 9.00 :

31. januar

7. mars

7. april

16. mai

29. august

27. september

31. oktober

30. november

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:

Nytt framlegg til vedtak:

Møteplan 2017 for Førde kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar, og møtestart kl. 8:30 :

31. januar, 7. mars, 7. april, 16. mai, 25. august, 27. september, 31. oktober, 30. november

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

FØR- 46/16 VEDTAK:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2017 for Førde kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar, og møtestart kl. 8.30 :

31. januar
7. mars
7. april
16. mai
25. august
27. september
31. oktober
30. november

47/16: Oppfølgingsliste 7-2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 47/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

48/16: Eventuelt

Handsaming i Førde kontrollutval 06.12.2016:

Info om invitasjon til NKRF kontrollutvalskonferanse 1.-2. februar 2017 med påmeldingsfrist 15. desember. Kontrollutvalsleiar ynskjer å delta, og ordnar med påmelding sjølv.

FØR- 48/16 VEDTAK: